

## Oversikt og vurdering av innkomne søknadar om tilskot frå post 79 Verdsarv for 2019

Prosjekt	Kostnad ved prosjektet	Søknads-sum	Føreslått tildelt	Vurdering av søknad
<b>Hjellum, restaurering av naust</b>	560 000	370 000	370 000	<p>Naustet på Hjellum i Undredal har i restaureringsplane 9. prioritering i området Undredal. Dei gamle nausta i verdsarvområdet er viktige kulturminne som syner til korleis ein levde og nytta landskapet, og såleis forma kulturlandskapet som er der i dag. Det er forholdsvis få eldre naust att i verdsarvområdet og fylkesdirektøren vurderer det som svært viktig at dei som er att vert sett istand. Naustet på Hjellum skil seg frå mange av dei andre nausta i verdsarvområdet ved at veggane er mura. Fylkesdirektøren tilrår her at den omsøkte summen vert tildelt til dette prosjektet.</p> <p>Tiltaket krev løyve i medhald av plan og bygningslova for å kunne gjennomførast. Dette løyvet ligg ikkje føre pr. i dag. Fylkeskommunen har drøfta dette med Aurland kommune og vi har kome fram til at vi kan tildele tilskot til dette prosjektet underforsetnad av at eigar får dei nødvendige løyva frå Aurland kommune. Det vil her bli sett som vilkår for tilskotet at eigar må sende kopi av løyve frå Aurland kommune til fylkeskommunen før arbeidet startar opp.</p>
<b>Nedbergo – restaurering av geitefjøs</b>	532 254	425 803	370 000	<p>Geitefjøsena som er bygd saman med ostebua har i restaureringsplanen 1. prioritering i området Stigen og Nedbergo. Det har tidlegare vore løyvd kr. 500 000,- i HK-sak 25/15 og kr. 160 000,- i HK-sak 53/14 til istandsetjinga av geitefjøs og ostebua. I dag er grunnmuren til begge bygningane sett i stand og ostebua er ferdig restaurert. Det som står att er istandsetjinga av geitefjøsena og bygging av mellompartiet mellom ostebua og geitefjøsena. Mellompartiet vil bli eit nybygg då dette har gått tapt og det er difor ikkje søkt om tilskot til dette. Søknaden omfattar kun geitefjøsena som i dag er demontert og lagra for istandsetjing.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at geitefjøsena vert sett opp att og ser at eigar er avhengig av tilskot frå post 79 for å få dette til. Det er likevel ein</p>

				<p>utfordring med prosjektet at eigar ikkje går inn med egne midlar til istandsetjinga men kun bidreg med eige arbeid. I finansieringsplane til prosjektet er det kun sett opp tilskot frå post 79 og eigar sin arbeidsinnsats.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner at eigarar av private bygningar som skal setjast i stand også må bidra økonomisk inn i sine egne prosjekt. Av den grunn har fylkesdirektøren tilrådt at det vert løvyd eit mindre tilskot enn det eigar søker om og at tilskotet må gjevast med vilkår om at eigar finn anna finansiering av prosjektet i tillegg til post 79 og eigen arbeidsinnsats.</p> <p>Tiltaket krev løyve i medhald av plan og bygningslova for å kunne gjennomførast. Dette løyvet ligg ikkje føre pr. i dag. Fylkeskommunen har drøfta dette med Aurland kommune og vi har kome fram til at vi kan tildele tilskot til dette prosjektet underføresetnad av at eigar får dei nødvendige løyva frå Aurland kommune. Det vil her bli sett som vilkår for tilskotet at eigar må sende kopi av løyve frå Aurland kommune til fylkeskommunen før arbeidet startar opp.</p>
<b>Delfinansiering av stilling: Parkforvaltar kulturminne og formidling</b>	600 000	300 000	300 000	<p>Fylkeskommunen har i fleire år løyvd midlar frå post 79 til delfinansiering av denne stillinga. Parkforvaltar kulturminne og formidling fyl opp eigarar av kulturminne i verdsarvområdet og bistår dei i samband med istandsetjingsarbeid. I tillegg til å arrangere handverkskurs i området. I 2019 skal Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden rullerast og fylkesdirektøren ynskjer at parkforvaltar deltek i dette arbeidet då det var Verdsarvparken som utarbeida restaureringsplanen som vart vedteken i 2014.</p>
<b>Prosjekt formidling Styvi Gardsmuseum</b>	214 500	90 000	42 700	<p>I HNK-sak 22/17 vart det løyvd kr. 25 000,- og 23/16 var det løyvd kr. 48 000,- til eit forprosjekt for oppgradering og formidling på Styvi Gardsmuseum. Dette prosjektet var ferdig i 2018 og denne søknaden omhandlar gjennomføring av tiltak som vart anbefalt i forprosjektet. Fylkesdirektøren finn det positivt med formidling av arbeidsreiskap og historia om korleis ein nytta landskapet i verdsarven og korleis bruken har vore med å forma kulturlandskapet.</p>

				Fylkesdirektøren ynskje å prioritere tilskot til konkrete istandsetjingstiltak framfor formidlingsprosjekt. Då fylkeskommunen ikkje fekk alle midlane vi søkte om frå post 79 tilrår fylkesdirektøren her å kun tildele ein del av summen som det var søkt om. Dette for å kunne kome i møte søknadane om konkrete istandsetjingstiltak i verdsarvområdet.
<b>Restaurering av løe/fjøs på Ramsøy, Gudvangen</b>	809 000	548 000	Må handsamast i eit seinare møte.	Løa/fjøset på Ramsøy har 1. prioritering i restaureringsplanen for området Ramsøy. Fylkesdirektøren er positiv til istandsetjing av bygningen, men det er ein del utfordringar i prosjektet slik det er skildra i søknaden som omfattar demontering av bygningen. Fylkesdirektøren vurderer demontering av bygningen som unødvendig i dette tilfellet då den lett kan restaurerast på plassen. Fylkeskommunen er i dialog med eigar og Aurland kommune om å finne ei løysing på istandsetjing av bygningen utan demontering. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at ein utset handsaminga av denne søknaden til eit seinare møte når dei nødvendige avklaringane er gjort. Ein sum av tilskot frå post 79, vert difor ikkje fordelt i denne omgang slik at vi eventuelt kan tildele den til istandsetjing av løa på Ramsøy seinare.
<b>Reparasjon av Eldhus på Bakka</b>	590 840	412 840	410 000	Eldhuset har 5. prioritering i restaureringsplanen for området Bakka/Tufto. Fylkeskommunen har lenge hatt dialog med eigar vedrørande denne bygningen og ein har vurdert ulike løysingar for bevaring av eldhuset, mellom anna oppsetjing av eit sikringsbygg rundt det. Ein har no kome fram til at det er mogleg å skifte ut ein del av stökkane i eldhuset slik at det kan bli bevart utan eit sikringsbygg. Dette er ei løysing som vil ta betre vare på bygningen, heilskapen i tunet og omgjevnadane til den listeførte Bakka kyrkje.  Tiltaket krev løyve i medhald av plan og bygningslova for å kunne gjennomførast. Dette løyvet ligg ikkje føre pr. i dag. Fylkeskommunen har drøfta dette med Aurland kommune og vi har kome fram til at vi kan tildele tilskot til dette prosjektet underføresetnad av at eigar får dei nødvendige løyva frå Aurland kommune. Det vil her bli sett som vilkår for tilskotet at eigar må sende kopi av løyve frå Aurland kommune til fylkeskommunen før arbeidet startar opp.

<b>Restaureringsplan Styvi Gard</b>	140 150	90 000	90 000	<p>Styvi er eit viktig bygningsmiljø i restaureringsplanen der det er gjort fyljande prioritering av bygningane:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Våningshuset på 58/1</li> <li>2. Stabbur på 58/1</li> <li>3. Sommarfjøs til 58/2</li> </ol> <p>Fylkesdirektøren vurderer heilskapen i bygningsmiljøet på Styvi som særskild viktig og det er viktig at bygningane der vert sett i stand. Restaureringsplanen som det her er søkt om vil være ein plan som seier noko konkret om kva tiltak som bør gjerast på bygningane knytt til bruk 1. Det er ei utfordring at det manglar dokumentasjon på anna ekstern finansiering, men fylkesdirektøren vurderer at ein kan gje tilskot med vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert før det startar opp. Ein del av planen er dokumentasjon av naustet som har rast saman, med tanke på at dette skal byggast oppatt. Ein rekonstruksjon av naustet vil vere positivt for heilskapen i kulturlandskapet på Styvi og bidra til auka kunnskap om byggjeskikken i området.</p>